

Det kongelige Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.,
0030 Oslo
postmottak@kld.dep.no

Jerveforvaltning i Sør-Norge

Vi er kjend med at regjeringa ynskjer ei tydelegare soneforvaltning i rovviltforvaltninga. For at det skal kunne skje heiter det mellom anna følgjande i brevet som Klima- og Miljødepartementet og Landbruks- og Matdepartementet har sendt til rovviltnemndene den 21. mai 2014:

Videre bør områder som prioriteres for beitebruk være sammenhengende og ha en arrondering som gir forutsigbar forvaltning av rovviltet og gir reell mulighet for levedyktig næringsdrift med beitedyr. En sterk fragmentering i prioriteringen av områder til henholdsvis rovvilt og beitenæring vanskeliggjør en presis oppfølging ved fordeling av jakt- og fellingskvoter og gjennomføring av effektive forebyggende tiltak.

Vi ser positivt på ei så tydeleg målsetjing. Ut frå erfaring ser vi at den einaste løysinga for å oppnå den todelte målsetjinga om å ivareta både beitebruken i utmark og rovviltet er å skilja beitedyra og rovviltet.

Det er trong for ei tydeleg grense mot region 1

Rovviltregion 1 er i sin heilskap beiteprioritert. Likevel har delar av regionen i snart tju år slite med alvorlege jerveskadar som er uforeinlege med målsetjinga for eit beiteprioritert område. Dette er ein situasjon som på sikt vil føre til avvikling av beitenæringa. Det er to grunnar til dette:

- Manglande vilje i rovviltforvaltninga til å ta ut jerv i regionen
- Region 3 si utviding av sitt rovviltprioriterte område, noko som i realiteten har ført til at store delar av Sogn og Fjordane har tapt sin beiteprioritet.

Miljødirektoratet gjev ikkje ekstraordinære fellingsløyve på jerv som er dokumentert inne i region 1. Sist vinter vart det felt berre to jervar i regionen til tross for at det var dokumentert åtte. Det er ikkje dei mange restriksjonane som gjeld for rovviltjaktjakt eller manglande ressursar til SNO som er årsak til dette. Grunnen ligg i grensedraginga mellom rovviltprioritert sone og beiteprioritert sone.

Resultatet er katastrofale skadar i region 1. Desse skadane vil det ikkje vera råd å unngå så lenge grensedraginga mellom rovviltprioritert område og beiteprioritert område er som i dag. Bestandsregistreringane viser at hovuddalføra er gode grenser.

Buffersone mellom region1 og region 3

Region 2 har lagt ei buffersone mellom si rovviltprioriterte sone for gaupe og region 1 si beiteprioriterte sone. Det er ei tilsvarande buffersone vi må få på plass att mellom region 1 og region 3. Dette vil vere heilt naudsynt om det beiteprioriterte området skal få ei arrondering som gjev ei føreseieleg forvaltning av rovviltet, samstundes som det gjev reelle høve for ei levedyktig næringsdrift med beitedyr slik regjeringa ynskjer. Vi ber om at dette vert følgt opp.

Med helsing

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Hordaland fylkeskomune

Åshild Kjelsnes
fylkesordfører

fylkesordfører

Rogaland fylkeskommune

Vest-Agder fylkeskommune

fylkesordfører

fylkesordfører